

PROSEDYRER FOR BEREDSKAPSTEAM MOT MOBBING I HØYANGER

Å HØYRE TIL

Jan-Magnus Bruheim

Vondt er av alle andre
bli trakka på og trengd.
Men vondare å vite
at du er utestengd.

Det er så mangt i livet
du ventar deg og vil.
Men meir enn det å vere,
er det å høyre til.

Når skal ein kontakte beredskapsteamet ?

Det er i dei alvorlege mobbesakene beredskapsteamet kan kontaktast.

Teamet skal kunne nyttast når føresette og elevar opplever at dei ikkje får den støtte og hjelp dei treng i ein mobbesituasjon. Teamet kan også nyttast i situasjonar der føresette, elevar og skule opplever at dei treng støtte i å handtere ein mobbesituasjon, etter at tiltak har vore prøvd utan ønskt effekt.

Teamet har inga rolle i saker der ein elev opplever mobbing frå ein tilsett. Rektor som arbeidsgjevar skal følgje opp og løyse ei slik sak. Fylkesmannen er klageinstans.

Opprette kontakt med beredskapsteam mot mobbing

Beredskapsteam mot mobbing er sett saman av tilsette i Høyanger kommune:

Stig Engen, oppvekstsjef	tlf 992 19 366
PPT	tlf
Elisabeth Sæbø, helsestasjonen	tlf 992 19 314

Foreldre elev, eller skule tar kontakt:

Ved personleg frammøte, på e-post eller på telefon får foreldre/elev vite kva teamet kan hjelpe til med og kva som konkret er vidare saksgang og prosedyre. Det kan bli avtalt at dei får tilsend prosedyren skriftleg, før dei avgjer om dei vil ta imot tilbodet om at saka blir tatt vidare av beredskapsteam mot mobbing. Leiar i beredskapsteamet kontaktar skulen, orienterer om kontakten som er oppretta og ber om skriftleg tilbakemelding på kva skulen veit og eventuelt har gjort i saka.

Vedlegg 1: Mal for den første samtalen med foreldre.

Skulen ved rektor tar kontakt:

Skulen får tilsend prosedyren som beredskapsteamet vil følgje. Dei får også eit informasjonsark som skal fyllast ut og som er viktig bakgrunn for teamet før formøtet med foreldre. Rektor har ansvar for å informere foreldre om at saka er meld til beredskapsteamet og for å halde foreldre fortløpande orientert.

Vedlegg 2: Informasjon frå skulen.

Formøte med foreldre

Uavhengig av kven som tok kontakt med teamet, blir foreldre kalla inn til eit orienteringsmøte neste dag. Foreldra vurderer om eleven skal vere med i delar av møtet. Leiar kallar saman bereskapsteamet. Leiar opplyser om stad og tidspunkt for møtet.

Beredskapsteamet har på førehand sett seg inn i den informasjonen som er tilgjengeleg.

Vedlegg 3: Strukturen i formøte med foreldre / orienteringsmøte.

Formøte med skulen

Dette er eit møte med skulen og beredskapsteamet. Rektor deltek, eventuelt i tillegg til kontaktlærer eller andre som kjenner saka. Møtet vil til vanleg finne stad same dag som orienteringsmøtet med foreldre. Ein går gjennom den skriftlege informasjonen frå skulen. I tillegg til å få så god forståing som mogleg av saka, er det eit mål med møtet at skulen sjølv leiter etter andre løysingar og ser på utfordringane på nye måtar.

Vedlegg 4: Strukturen i formøte med skulen:

Hovudmøte med alle partar

Det skal sendast skriftleg innkalling til hovudmøtet. Leiing av møtet og ansvar for å skrive referat, ligg til beredskapsteamet. Alle partar, både foreldre, skulen og beredskapsteamet er til stades. Foreldre kan ha med seg støtte/ressursperson om dei ønskjer det.

Beredskapsteamet sin funksjon er bl.a. å opprette/gjenopprette dialog mellom foreldre og skulen. Det kan ein bl.a. forsøke å oppnå ved å nytte metoden "Dialogbaserte møte". Leiar av møtet startar med å gå gjennom korleis møtet blir styrt. Det blir lagt vekt på kva som er formålet med møtet. Alle får seie noko om kva for forventningar dei har og kva dei ser som dei største utfordringane.

Etter ei kort gjennomgang av kva som har skjedd i saka, er det viktig å bruke det meste av tida til å sjå framover.

- Moglege tiltak for å få slutt på mobbinga
- Kva kan dei ulike partane bidra med ?
- Kva er realistisk å gjennomføre ?
- Mot slutten av møtet får alle seie si meining i høve om det er snakk om mobbing eller om det er andre forhold som gjer situasjonen vanskeleg og som bør handsamast på andre måtar. Dette er ei viktig avklaring i høve kva som tener eleven best framover.

Leiar oppsummerer både undervegs og til slutt kva som er sagt og forstått og kva som er vegen vidare.

DIALOGBASERTE MØTE (dei viktigaste elementa)

Plassering av møtedeltakarane: Ikkje plassér møtedeltakarar som er i konflikt ved sidan av kvarandre. Dersom dei er plasserte ved sidan av kvarandre, blir nestemann sitt innlegg ofte eit svar/angrep på forrige person sitt innlegg i staden for eit svar på møteleiar sitt spørsmål. Alle får tid til å reflektere.

- *Løysingsorientert. Fortid og konfliktstoff er allereie dokumentert*
- *Fokus skal vere retta framover*
- *Tydeleg møteleiing*
- *Møteleiar snakkar med personane ein etter ein. Tar runden rundt bordet.*
- *Ordet går ikkje på kryss og tvers. D.v.s. at møteleiar på eit vis intervjuar møtedeltakane. Det er viktig at møteleiar gir den enkelte tid til å tenke høgt og reflektere undervegs*
- *Deltakarane snakkar på eigne vegne, kva for opplevingar og oppfatningar ein sjølv har av saka*
- *Møteleiar hjelper deltakarane med å snakke på eigne vegne og dele opplevingar og tankar, framfor å snakke om andre. Kva har eg behov for ?*

Tiltak / intervensjon

Tiltaka blir forma ut etter ei heilskapleg vurdering og blir tilpassa den enkelte situasjonen. Det er ein fordel om tiltaka er drøfta i hovudmøtet, men både foreldra, skulen og beredskapsteamet kan også spele inn nye tiltak i etterkant.

Målet er at det ikkje skal skje ei einaste ny krenking av offeret, verken fysisk eller psykisk. Tiltaka kan vere retta både mot dei som står for mobbinga og mot heile elevgruppa. Ofte vil det også vere snakk om strukturelle endringar som å flytte på vaksne og organisere elevgrupper og tidspunkt på nye måtar.

Det kan vere lurt å dele intervensjonen inn i ulike fasar, også sjølv om fasane følgjer etter kvarandre i løpet av kort tid. Først blir sentrale elevar snakka med individuelt. Deretter kan heile elevgruppa få del i informasjonen. Sjølv om hendingane kan ha vore svært alvorlege, tener alle på at samtalane blir gjennomførde på ein respektfull måte. Elevane må ville bli med på å endre den negative åtferda. Mobbing er skulen sitt ansvar å få slutt på, og det må kome tydeleg fram at dei vaksne er samla om å stoppe mobbinga. Meir kontroll og ei maktforskyving må til i mobbesituasjonar, men utan å ha ein autoritær stil.

Dei konsekvensane skulen set inn kan sorterast i ei "konsekvens-trapp" med dei strengaste konsekvensane til slutt. Elevane får kjennskap til heile trappa. Det kan vere naudsynt å sjå for seg ulike alternativ alt i planleggingsfasen, for å ha så god kontroll som mogleg på det som kan skje. Dette kan settast opp i ein a-, b- og c-plan.

Beredskapsteamet har eit sjølvstendig ansvar for å kvalitetssikre handlingsplanen og tiltaka på best mogleg vis. Dei kan undervegs ta kontakt med partane og også med andre interne og eksterne aktørar, for å innhente kompetanse og råd. Dei kan også instruere rektor i å sette i verk enkelte tiltak, og har då instruksjonsmynde.

Rektor har vedtaksmynde og gjer enkeltvedtak i tråd med det beredskapsteamet har kome fram til av tiltak. Det vil til vanleg vere skulen som utformar detaljane i handlingsplanen, d.v.s. kven på skulen som er ansvarleg for kva, og detaljane i oppfølging og tidsfristar.

I enkelte høve kan tiltaka gå ut over det rektor har myndighet til å vedta. Det vil då vere oppvekstsjefen i Høyanger kommune som gjer desse vedtaka. Det gjeld t.d. dersom den som står for mobbinga skal flyttast til ein annan skule.

Oppsummeringsmøte med alle partar

Det er eit mål at oppsummeringsmøtet skal finne stad innan ei veke/ 5 verkedagar etter at saka er meld. Teamet, skulen og foreldre er til stades, eventuelt også eleven. Ein i teamet skriv referat.

Vi gjennomgår i fellesskap handlingsplanen som er utarbeidd. Beredskapsteamet og rektor leier denne økta i lag.

Handlingsplanen skal ha sitt utspring i det som kom fram i hovudmøtet. Planen kan likevel endrast og tilpassast etter vurderingar som blir gjort i oppsummeringsmøtet når vi i lag ser at det tener saka. Sjølv om beredskapsteamet bare er med i ei veke, skal det vere avtalt oppfølging som skulen har ansvar for. Det er i arbeidet etter intervensjonen at endringa skjer.

Handlingsplanen blir underskreve av foreldre, eventuelt også eleven, og rektor.

Hugs: Viss eleven ikkje deltek på møtet, må ein i møtet avklare om foreldre eller skulen informerer eleven om tiltak som står i handlingsplanen.

Møtet vert avslutta med ei kort vurdering av prosessen.

Vedlegg 1: Mal for den første samtalen med foreldre.

Mal for den første samtalen med foreldre	
Dato og stad: Desse deltek i samtalen:	
Stikkord for samtalen	Referat
Kva er situasjonen Kva skjer, når skjer det, kven er involvert Korleis opplever eleven det som skjer Korleis opplever foreldre det som skjer Kva er prøvd ut Kva ønskjer de skal skje vidare i saka Kva er viktig at vi gjer først	
Avtalar for vidare arbeid	

Terskelen er låg for at teamet skal tre saman og kalle inn til eit formøte med foreldra.

Utdanningsdirektoratet har laga nettbasert informasjon og hjelp til foreldre i mobbesaker: <http://www.udir.no/Regelverk/Informasjon-til-foreldre/Blir-barnet-ditt-mobbet/#Du-kan-klage-hvis-du-ikke-er-fornoyd-med-skolens-tiltak>

Vedlegg 2: Informasjon frå skulen.

Informasjon frå skulen

Dato:

Kven har gitt informasjonen:

	Ja/Nei	Kva er gjort	Når	Ansvar	Dokumentasjon
Har skulen fått melding om/ oppdaga at elevXX er utsett for krenkande åtferd?					
a)Har foreldre uttrykt uro? b)Er det framsett klage munnleg eller skriftleg frå foreldre (kap 9a)					
Kva har skulen gjort for å undersøke meldinga?					
Er skulen sin plan for handtering av mobbesaker følgd?					
Er det fatta enkeltvedtak etter kap 9a i opplæringslova?					
Er det sett i verk tiltak?					
Er andre interne involverte i saka (helsesøster, andre tilsette i skulen)					
Er eksterne aktørar involverte i saka (PPT, barnevern, BUP)					
Er det uttrykt ønskje om type bistand frå beredskapsteamet, frå skule eller foreldre?					

Vedlegg 3: Strukturen i formøte med foreldre / orienteringsmøte.

KVA/INNHALD	VISER TIL	KVEN GJER KVA
Gå gjennom saksgangen fram til no. Vise til skulen sin lovpålagte plikt til handling	Opplæringslova § 9a-3	Ein frå beredskapsteamet leiar møtet
Foreldre og eventuelt elev fortel sin versjon av saka	Mal for kva som bør vere med som informasjon frå foreldre, eventuelt må informasjon hentast inn også på andre måtar	Foreldre, eventuelt med støtte frå ressursperson som er med og frå leiar av møtet
Det blir avklart om teamet skal ta saka vidare	Prosedyre og rolleavklaring for beredskapsteam mot mobbing. Foreldre kan også seie nei til å gå vidare og eventuelt heller melde saka inn igjen seinare	Både foreldre og teamet må seie ja for at saka skal takast vidare
Dersom ja: Det blir laga ei skriftleg innkalling til foreldre til hovudmøte med <ul style="list-style-type: none"> • Dato og stad • Kven som skal vere med i møtet 	Dialogbasert møte der alle er forplikta til å sjå framover og leite etter løysingar	Leiar av møtet utformar innkallinga i møtet eller teamet lagar innkallinga i etterkant, slik at dei også har avklart det med skulen
Referat frå orienteringsmøtet skal innehalde: <ul style="list-style-type: none"> • Deltakarar • Skulen si lovpålagte plikt • Tidspunkt og dato for hovudmøte 		Referat blir skreve av eit medlem i teamet

Vedlegg 4: Strukturen i formøte med skulen:

KVA/INNHALD	VISER TIL	KVEN GJER KVA
Gå gjennom saksgangen fram til no. Vise til skulen sin lovpålagte plikt til handling	Opplæringslova § 9a-3 Forvaltningslova § 13	Ein frå beredskapsteamet leiar møtet
Skulen orienterer om saka, Sjå oversikt i malen	Skulen sin handlingsplan mot mobbing og ordensreglementet. Eventuelt anna dokumentasjon	Rektor og andre involverte, t.d. kontaktlærer, går gjennom det dei har av relevant informasjon
Ein startar arbeidet med å sjå framover. Andre løysingar, andre måtar å sjå saka på	Kva beredskapsteamet kan bidra med. Hjelp og kompetanse som kan trekkast inn, internt i kommunen eller eksternt	Ein frå beredskapstemaet skriv referat frå møtet
Førebud hovudmøtet	Dialogbaserte møte. Vidare saksgang	Både skulen og beredskapsteamet startar arbeidet med å sjå etter moglege løysingar for å ha med desse tankane inn i hovudmøtet